

Konfirmantane samlar inn til klima-ramma i sør

27.03.2009



2008-konfirmantane gjorde ein stor innsats under den tradisjonelle fasteaksjonen og her er nokre av dei som deltok samla ved bedehuset før innsamlinga. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Tysdag er dagen for den tradisjonelle fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp og det betyr at årets konfirmantar i Uskedalen skal gjera ein innsats.**

**Den tilsvarende aksjonen i fjor ga så mykje som 11.550 kroner til eit godt føremål, men då var konfirmantkullet rekordstort og 19 av dei 24 konfirmantane var med og samla inn.**

Leiar i sokneådet Audun Eik håpar at dei ni konfirmantane som er aktuelle innsamlarar i år vil stilla opp på bedehuset klokka 17 tysdag og han har også håp om at nokre av foreldra vil gjera ein innsats. Han lovar skyss for dei unge innsamlarane både på vegne av soknerådet og foreldra. Målsettinga er å nå fram til flest mogeleg i bygda i det nærmaste timane.

Fasteaksjonen dette året går til et superaktuelt føremål, fordi han set fokus på klimaendringane på kloden vår. Menneska kjempar stadig meir mot tørke, flaum og ekstreme vertihøve og dei som har minst blir som regel hardest råka. Kirkens Nødhjelp vil ikkje minst markera at klimaendringane er eit rettferdsspørsmål for menneske i sør.

Me må ta vare på jorda samstundes som me sikrar menneska si rett til utvikling. Aksjonen vil blant anna bidra til at fattige menneske i sør kan sikra seg betre mot naturkatastrofar, tilpassa seg klimaendringane og få hjelp når katastrofen er eit faktum. Ved å støtta aksjonen hjelper ein folk i sør slik at dei kan sjå mot ei ljosare framtid, heiter det i oppropa framfor aksjonen.

Sokneprest Åge Sætre peikar på at klimaendringar ikkje berre vil råka dei fattigaste hardare enn andre, men at det også vil føra til enda meir fattigdom.

- Som engasjerte medmenneske har vi no verkeleg ein sjanse til å visa solidaritet med dei som merker endringane på kroppen, seier Sætre.

Han ber folk om å vera observant på falske bøsseberarar, noko ein har opplevd før i Kvinnherad. Berarane er godt merka med rett bøse og same kjenneteikn på den og merket rundt halsen.

Eit døme på det som skjer i sør er at 26 elvar som tidlegare forsynte den lengste elva i Kenya med vatn er tørka ut, med katastrofale konsekvensar. Avlingar blir øydelagde, folk mistar inntektsgrunnlaget og mange får ikkje nok mat.

Av Ola Matti Mathisen



Leiar i soknerådet Audun Eik håpar at konfirmantane blir godt mottekte når dei deltek i fasteaksjonen tysdag ettermiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)